

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088

Våge, 13.11.2022

Til

Plan og byggesak v/Are Grande  
Tilsyn v/Eirik Berntsen

**99/4 held fram ulovleg arbeid - i strid med vedtak av 28.10.22**

99/4 fekk 28.10. avslag på søknad om igangsetjingsløyve for minirensanlegg med røyr i grunn. Likevel starta dette arbeidet opp att fire dagar etter avslaget, onsdag 3.11. Vi melde frå om dette til kommunen dagen etter, med mail til Grande og Berntsen 4.11. Det ulovlege arbeidet har f.o.m. 3.11. halde fram og foregått kontinuerleg. (Starta jo egentleg ulovleg i sommar). På fredag 11.11. vart det skote 2 salvar i samband med grøfter til rensanlegg, og skytebasen varsla at skytinga skal halde fram i heile neste veke.

Det er ei tung belastning å ha ansvar for å stadig måtte melde frå om ulovlegheiter utført av same tiltakshavar. Vi ber kommunen sanksjonere tilstrekkeleg til at dette no kan ta slutt.

Tiltakshavar har plikt til å ha eit system for å fange opp og **melde alle avvik til kommunen**. På 99/4 har avvika vore mange og kontinuerlege over fleire år, jfr. dronebiletet av september 2021. **Samtlege tiltak** på dette dronebiletet innebar grove og systematiske avvik som skulle vore fanga opp og innmeldt av utførande tiltakshavar. Når avvik aldri har vorte meldt, og heller ikkje i seinare ulovlege tiltak, manglar kommunen grunnlag for faktabaserte vurderingar, noko som grundig manifesterte seg i Eirik Berntsen si framføring for APM onsdag 9.11. Det er kommunen si plikt å følgje opp at tiltakshavar oppfyller dei lovpålagte rutinene for avvik. Om tiltakshavar ikkje oppfyller desse krava, skal han etter lova misse retten til å vere ansvarshavande.

Med vennleg helsing  
Elin og Henry Fanebust

Vedlegg: Bilete tatt på 99/4 i dag. Viser arbeida med grøfter til rensanlegg.

Eit av bileta viser påbegynt forskaling + anlagt vei i det som no skal vere «dyrkingsområde».